



Referat frå styremøte i Oppland Bygdekvinne lag

Stad: Zoom

Tid: Tysdag 23.3.2021 kl. 20.00 – ca. 21.15

Tilstades: Borgny Sletten, Gudrun Hage Høvren, Anne Grete Moen, Vigdis Amlien-Kristiansen, Åse Bårdseng, Anne Berit Svartaas og Eivind Skari.

#### **Sakliste:**

#### **08/21 Velkomne til eit nytt arbeidsår i OBK!**

Vi tok runda «rundt bordet» og hørte korleis kvar enkelt ser for seg året.

Alle er positive og klare for eit år i fylkesstyret! Vi gler oss på oppgava, og ynskjer gjera fylkesstyret meire synlege, og vera der for medlemmane våre.

Vi ynskjer og jobbe med både det at vi skal vera forbruker makta vår meir bevisst, bygg, tradisjonar, og kvinnelege gründere, i tillegg til det som dukkar opp igjennom året.

#### **09/21 Konstituering**

Leiar:	Borgny Sletten
Nestleiar og regionkontakt for Sør-Gudbrandsdalen:	Gudrun Hage Høvren
Sekretær og regionkontakt for Valdres:	Anne Grete Moen
Styremedlem og regionkontakt for Nord-Gudbrandsdalen:	Åse Bårdseng
Styremedlem og regionkontakt for Hadeland og Land:	Anne Berit Svartaas
Styremedlem og regionkontakt for Gjøvik-Toten:	Vigdis Amlien-Kristiansen
Oppland Bygdeungdomslag:	Eivind Skari

Utsending til styret i Innlandet Bondelag: Borgny

Oppland Bygdeungdomslag: Vigdis.

Vara og årsmøteutsending til Bygdeungdomslaget: Anne Berit.

### **10/21 Styrearbeidet framover**

- **Samarbeidet med Hedmark Bygdekvinnelag**  
Vi er positive til å både ha felles styremøte med dei, og kanskje arrangere nokre webinar saman. Viktig og ha god kontakt med nabolaget!
- **Inspirasjonsseminar hausten 2021**  
Det er i år på Lillehammer 5.-7. November. Det er ei fin helg til og møte andre Bygdekvinner, knytte nettverk og bli inspirert! Vi i fylkesstyret ynskjer og høyre med lokallaga om dei vil at vi heller sponser nokre av medlemmane litt slik at dei kjem på inspirasjonsseminaret, i standen for å arrangere regionmøter i haust. Grunnen til dette i år er at det er i vår region, og fleire har kanskje anledning til å reise da. Vi landar ingenting i møtet, men ynskjer innspel frå lokallaga fyrst.
- **Regionmøter hausten 2021**  
Tradisjon er at det blir arrangert regionmøter den hausten vi ikkje har ledermøte. Ref. kommentarar ovanfor vil vi avvente litt før vi landar kva vi gjer i haust.
- **Styremøter**  
Dette, og slik det ser ut no, neste styremøte, vil vera på Zoom. Det fungerer, men vi gler oss på fysiske møter! Og ynskjer om at vi ikkje bruker laurdagar, men vi får sjå kva vi får til.  
Alle regionkontaktane sender ei lita helsing til lokallagsleierane «sine» der dei oppretter kontakt med dei for vidare samarbeid. Dei skriv litt om det vi prata om på styremøte, og ynskjer høyre litt om kva dei tykkjer om det.  
Før kvart styremøte skal alle regionkontakter sende ei melding/e-post eller ringe lokallaga og høyre om dei har noko vi skal ta opp.  
Etter kvart styremøte blir referat sendt ut til dei som var på møte, til ettersyn. Viss sekretær ikkje høyrer noko innan frista kan vi leggje det ut på heimesida vår.
- **Samarbeid med Arne Brimi.**  
Arne ringte og gratulerte Borgny med leiar vervet, og ynskjer eit samarbeid med oss mot våren 2022. Vi er positive til dette, og håpar og få til ei helg med Bygdekvinner og Bondelagsfolk på Vianvang og i Lom helga etter påske neste år. Med lokalmat, bygg og FNs bærekraftsmål, i tillegg til kvinnelege gründere kan dette bli ei rett så inspirerende helg!
- **«inspirasjonspott» vedtatt på årsmøtet, kva for «krav» skal stilles til lokallaga?**  
Dette må vi jobbe litt meire med, men vi ynskjer at dei som søker må rette arrangementet mot arbeidsplanen og det som er vedtatt der.  
Vi vil koma attende med eit skriv til lokallaga om dette.

Ref.Borgny

